


DETALJREGULERING for del av Hellandssjøen, småbåthamn mm. PlanID: 201303

FITJAR KOMMUNE



FØRESEGNER

Oktober 2023

§1.0 GENERELT

§1.1 Har slått i saman dei to planane som var her, men som hadde felles føresegner.

§1.2 Planområdet skal nyttast til følgjande formål:

1. Bebyggelse og anlegg

Bustader - frittliggjande - småhus, BF1-BF2

Fritidsbusetnad - frittliggjande, FF1-FF19

Fritidsbusetnad - konsentrert, FK1-FK8

Nærmiljøanlegg, f_M1

Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilh. strandsone, SA1-SA8

Uthus/naust/badehus, B1, N1-N7

Uteophaldsareal, f_U1

Leikeplass, L1

2. Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur

Køyreveg, o_V1, f_V2-V20, V21

Gangveg/ gangareal, f_G1-G2

Annan veggrunn - grøntareal

Kai, K1-K5, f_K6, K7-K9, f_K10, K11-K12

Parkeringsplassar, f_P1-P7, P8-P9, f_P10-P11

3. Landbruks, - natur og friluftsområde samt reindrift

Friluftsformål, F1 - F13, F15 - F32

Vern av kulturmiljø eller kulturminne

4. Bruk og vern av sjø og vassdrag

Småbåthamn, SH1-SH2

Friluftsområde i sjø og vassdrag, FS1-FS6

Badeområde, f_BA1-BA2

5. Omsynssoner

Frisikt, H140_1-H140_42

Bevaring kulturmiljø, H570_1

Bandlegging etter lov om kulturminne, H730_1

§ 2.0 FELLES FØRESEGNER

§ 2.1 Rekkefølgjekrav

Før det kan gjevest byggjeløyve for dei ulike bustad- og fritidsbustadtomtane (konsentrert og frittliggjande), må tomta vere tilknytt godkjent vass- og avlaupsanlegg. VA- anlegga skal godkjennast av Fitjar kommune i samband med byggemeldinga av dei tekniske anlegga.

Relevante køyrevegar og renovasjonsplassen f_M1 skal vere opparbeidd før det vert gjeve bruksløyve for nye bygg.

Parkeringsplassen f_P2 skal vere ferdig opparbeidd før det kan gjevast bruksløye/ ferdigattest for meir enn til saman 2 einingar på H31 og H52. Veganlegg som ligg til fylkesvegen skal godkjennast av Vestland fylkeskommune.

§ 2.2 Terrenghandsaming

Ved alle byggje- og anleggsarbeid skal det takast mest mogleg omsyn til terreng og vegetasjon.

§ 2.3 Energi

Pumpestasjonar, transformatorkioskar, kabelskap o.l. kan oppførast i området etter nærmere avtale, og då berre der dei etter kommunen sitt skjønn ikkje er til ulempe.

§ 2.4 Universell utforming

Det skal leggjast vekt på universell utforming av leikeområda og tilkomst/parkering innanfor planområdet.

§ 2.5 Kulturminne

Det kan vere uregistrerte kulturminne i planområdet. Dersom det i samband med gravearbeid kjem fram automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekker med trekol eller konstruksjonar, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningsstyremakt har vurdert funnet, jfr. lov om kulturminne av 1976 §8, andre ledd.

§ 2.6 Byggegrense

Byggegrenser er vist på plankartet.

§ 2.7 Tiltak i sjø

Tiltak i sjø som kaiar, molo, flytebrygger, utfyllingar, sjøleidningar m.m. krev løyve av hamnemynde i tillegg til handsaming etter plan- og bygningslova, jfr. Hamne- og farvasslova §27.

§ 2.8 Born og unge sine interesser

Leikeområdet skal utformast slik at ein sikrar god kvalitet i dette området og såleis ivaretak born og unge sine interesser.

§ 2.9 Målereglar

For Fritidsbusetnad - frittliggjande, FF1-FF19, og Fritidsbusetnad - Konsentrert, FK1-FK8, skal ein nyte målereglar etter Tek17 for høgd, dvs.:

Gesimshøgd skal målast i forhold til ferdig planert terrengs gjennomsnittsnivå kring bygningen.

Mønehøgd skal målast i forhold til ferdig planert terrengs gjennomsnittsnivå kring bygningen.

§ 3.0 BYGNINGAR OG ANLEGG

§ 3.1 Bustader - frittliggjande - småhus, BF1-BF2

- § 3.1.1 Innanfor områda BF1-BF2 kan det førast opp husvære i form av frittliggjande einebustader.
- § 3.1.2 Maksimalt tillete bygd areal for tomt 1-3 er BYA=25%.
Det kan byggjast maks 2 etg. pluss kjellar.
Maks mønehøgd er 9,0 meter over lågaste terrenget under bygget.
- § 3.1.3 Takform vert fastsett i samband med byggemeldinga.
- § 3.1.4 På tomtene skal det vere plass til garasje og i tillegg minst ein biloppstellingsplass på eigen grunn. Frittliggjande garasje/carport/bod kan byggjast i 1 høgd med inntil 50m² BYA.
Endeleg plassering skal godkjennast av kommunen. Plassering av garasje/carport skal vere vist på situasjonsplanen som vert sendt inn i samband med byggjemeldinga.
- § 3.1.5 Inngjerding og tilplanting skal ikkje være sjenerande for nabobar eller ålmenn ferdsel. Ubygt areal skal gjevast ei tiltalande utforming.
Kommunen kan gje pålegg i kvart einskild høve.
- § 3.1.6 Ved private avkørsler skal det ikkje setjast opp hekk, gjerde eller andre sikthinder nærmare enn 3m frå fylkesvegen (o_V1).

§ 3.2 Fritidsbusetnad - frittliggjande, FF1-FF19

- § 3.2.1 Innanfor områda FF1 - FF19 kan det førast opp frittliggjande fritidsbustader. Parkering inngår ikkje i berekninga av BYA eller BRA.

- § 3.2.2 For fritidsbustadane H1 - 27, H29 - 37, H39 - 42, H44, H48 - 52 gjeld:
Maks BYA skal vere 100m². Det kan byggjast maks 1 etg. pluss innreidd loft.
Maks mønehøgd for H1-H19, H21-H23, H25-H27, H29-H37, H39-H42, H44 og H48-H52 er 6,0 meter.
Maks mønehøgd for H20 og H24 er 5,5 meter.

- § 3.2.3 For fritidsbustadane H46 – 47 og H55 gjeld:
 Det kan byggjast fritidsbustad på eitt plan pluss aneks. Total BRA på tomta skal ikkje overstige 130m².
 Maks gesimshøgd er 3,5 meter.
 Takvinkel skal liggje mellom 0 - 5 grader.
- § 3.2.4 For fritidsbustadane H28, H38, H43, H45, H53 og H54 gjeld:
 Maks BYA skal vere 80m². Det skal byggjast fritidsbustader for skrått terreng (2 plan).
 Maks mønehøgd er 8,0 meter.
- § 3.2.5 Takform vert fastsett i samband med byggemeldinga.
- § 3.2.6 H7 skal trekkjast ned bak haug.
- § 3.2.7 Ca. høgdeplassering for nye fritidsbustader på dei ulike tomtene innanfor FF1-FF19 er angitt på plankartet.
 Høgdene kan avvikast med +/- 1,0m. For H20, H24, H46, H47 og H55 kan høgdene avvikast med +/- 0,5m, men H55 skal ikkje plasserast lågare enn kote +2,5. Plassering, bygga si utforming, møneretning, avkøyrslle og endeleg høgdeplassering skal fastsetjast i søknad om tiltak.
- § 3.2.8 På fritidsbustadtomtane H1-H45 og H48-H54 kan det førast opp inntil eitt annekts/bod/lysthus o.l. (frittliggjande eller i tilknyting til fritidsbustadene) med maks BYA 30m² og maks mønehøgd på 4,5m. Utforming og plassering skal vere tilpassa og underordna hovudbygget, slik at dei to bygningane dannar ein heilskap.
- § 3.2.9 Det kan maks byggjast to bygningskroppar på tomtene H1-H18, H20-30, H33-H45, H48-H51 og H53-H54. H19 og H32 kan ha maks tre bygningskroppar på tomta.
- § 3.2.10 Det kan byggjast 2-4 fritidsbustadeiningar på kvar av tomtene H31 og H52, kor største storleik pr. fritidsbustadeining er 65m², og maks BYA pr tomt er 130m². f_P2 skal vere felles parkeringsplass for einingane på desse to tomtene og einingane skal ha felles uteområde.**

§ 3.3 Fritidsbusetnad - Konsentrert, FK1-FK8

- § 3.3.1 Innanfor områda FK1-FK8 kan det førast opp konsentrerte fritidsbustader, anten som frittliggjande bygningar eller i rekke.
- § 3.3.2 For dei konsentrerte fritidsbustadene 1, 4-11 (FK1, FK3-FK8) gjeld:
 Maks BYA = 80m², maks BRA = 110 m². Det kan byggjast maks 1 etg. pluss innreidd loft. Første høgda skal nyttast til naust, men ein kan tillata at 1/3 av arealet i første høgda kan nyttast til anna opphold. Arealet må då sikrast mot potensiell vassintrenging. Loftet kan innreiest som fritidsbustad.

Maks mønehøgd er 6,0 meter.
Maks gesimshøgd er 3,2 meter.

- § 3.3.3. For den konsentrerte fritidsbustaden FK2 gjeld:
Fritidsbustaden skal byggjast med to møne med møneretning vinkelrett på strandlinja. Bygget skal framtre som eit bygg med samanfallande vegg på midten. Bygget kan likevel saksast maksimalt 3 meter.
Kan ha planfri tilkomst mellom byggningskroppane i 2.etg.

BYA = 90-99m². Det kan byggjast maks 1 etasje. pluss innreidd loft.
Dersom eitt av løpa vert innreia som naust i 1. etasje, kan BYA vera inntil 110m². Inntil 1/3 av naustdelen kan i tilfelle nyttast til anna opphald.

Maks mønehøgd er 7,5 meter.
Maks gesimshøgd er 4,2 meter.
Maksimal breidde mot strandlinja skal vera 12,0 meter.
Bygget skal ikkje ha altan på sida mot sjø.

Innan FK 2 skal svaberga takast vare på. Fritidsbustaden må trekkjast noko opp frå sjø og kan byggjast på pelar.

- § 3.3.4 Det skal nyttast saltak med takvinkel mellom 35 og 45 grader.
- § 3.3.5 Fritidsbustadene skal ha eit maritimt preg og vera best mogleg tilpassa tradisjonelle sjøhus i området. Hovudkarakteren i det eksisterande bygningsmiljøet skal vera utgangspunkt for utforming av nye bygg m.o.t. storleik, form, materialbruk og val av fargar.
- § 3.3.6 Kvar fritidsbustad skal ha minst ein parkeringsplass, anten på eigen grunn eller på areal i nærlieken. Parkeringsplass skal dokumenterast i byggjemeldinga. Parkering inngår ikkje i berekninga av BYA eller BRA.
- § 3.3.7 Bygga skal plasserast med overkant golv i 1. etg. på min. kote 2,5 m.o.h.. Endeleg plassering av bygg vert fastsett av kommunen i samband med byggjemeldinga.
- § 3.3.8 Det skal ikkje setjast opp gjerde eller andre stengsel langs kai mot sjø. Det er lov å markere for privat bruk på eigen grunn i bakkant av konsentrerte fritidsbustader sett frå sjø i maks 3,0m breidde.

§ 3.4 Nærmiljøanlegg, M1

- § 3.4.1 Området M1-skal nyttast til plassering av boszdunkar/bosscontainer samt postkassestativ. Detaljutforming av området skal liggja ved tekniske planar og i tillegg godkjennast av Sunnhordland Interkommunale Miljøverk, SIM.

§ 3.5 Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilh. strandzone, SA1-SA8

- § 3.5.1 Områda SA1-SA8 kan nyttast til flytebrygger, båtopptrekk og båtfeste for småbåtar. Innanfor området SA1 kan det tillatast oppføring av flytebrygge med naudsynt landfeste for tilkomst for gnr. 49 bnr. 259. Naudsynt landfeste skal boltast fast i fjell, og det skal ikkje gjerast varige terrengrønngrep i samband med oppføringa av dette landfestet. Det er ikkje tillate å etablere nye faste kaiar innanfor SA2-SA8, men det vert likevel opna for ein ny fast kai innanfor SA2 på bnr. 192.
- § 3.5.2 Nye flytebrygger skal så langt som råd vere fellesanlegg for 2 eller fleire einingar.
- § 3.5.3 Bryggjeplan for kvart småbåtanlegg skal godkjennast av kommunen før tiltaket vert sett i verk.
- § 3.5.4 Innanfor SA7 kan det tillatast utlagd 1 stk. flytebrygge med maks lengde 7m og maks breidde 3m. I tilknyting til flytebrygga kan det tillatast 1 landgang med lengde inntil 4m og breidde inntil 1m.
- § 3.5.5 I forlenging av kai i framkant av den konsentrerte fritidsbustaden innanfor FK2, kan det tillatast utlagd flytebrygge med maks lengde 7m og maks breidde 3m. I tilknyting til flytebrygga kan det tillatast 1 landgang med lengde inntil 4m og breidde inntil 1m.
- § 3.5.6 Småbåtanlegga kan nyttast etter eigen avtale med grunneigarane.
- § 3.5.7 Det kan ikkje etablerast nye fyllingar i sjø innanfor SA1-SA8.

§ 3.6 Uthus/ naust/ badehus, B1, N1-N7

- § 3.6.1 Innanfor B1 er det ein eksisterande sjøbod. Sjøbod skal ha maks 15m² BRA og vere maks 1 etasje.
Maks mønehøgd er 4,0 meter over lågaste terrenget under bygget.
- § 3.6.2 Innanfor områda N1-N7 kan det oppførast naust, anten som frittliggjande bygningar eller i rekke. Nausta 12-15 skal førast opp som fellesnaust.
- § 3.6.3 Enkle naust, tomt 1-8, 16-21:
Naustbygg skal ha maks 40m² BRA og vere maks 1 etasje.
Maks mønehøgd er 5,0 meter over lågaste terrenget under bygget.
Det skal nyttast saltak med takvinkel mellom 35 og 45 grader.
- Enkle naust, tomt 9-11:
Naust 9-11 kan førast opp som frittliggjande einingar, i ei høgd pluss uinnreia loft. Maks BYA for kvar nauststeinning er 60m².
Maks gesimshøgd er 3,0 meter over lågaste terrenget under bygget.
Maks mønehøgd er 6,0 meter over lågaste terrenget under bygget.
Det skal nyttast saltak med takvinkel mellom 35 og 45 grader.

- § 3.6.4 **Fellesnaust:**
Innanfor f_N4 kan det førast opp til saman 4 stk. fellesnaust med boder.
Naustbygga skal ha maks 45m² BRA og vere maks 1 etasje.
Maks mønehøgd er 5,0m meter over lågaste terrenget under bygget.
Det skal nyttast saltak med takvinkel mellom 35 og 45 grader.
- § 3.6.5 Nausta skal tilpassast eksisterande naust i form, farge og materialbruk, og det skal leggjast vekt på god arkitektonisk utforming.
- § 3.6.6 Bygga skal i hovudregel plasserast med overkant golv i 1. etg. på min. kote 2,5 m.o.h., men kommunen kan tillata at nausta vert plassert med overkant golv i 1. etg. på min. kote 1,5 m.o.h. dersom dette er meir hensiktsmessig i høve til kringliggjande terrengr/kai/bygg. Dersom behov, bør naustet då sikrast mot potensiell vassintrenging. Endeleg plassering av bygg vert fastsett av kommunen i samband med byggemeldinga.
- § 3.6.7 Kring naust skal det på eventuell kai/anna område vere fri ferdsle i strandsona. Det skal ikkje settast opp gjerde eller andre stengsel langs kaien.
- § 3.6.8 Naust skal ikkje omdisponerast eller nyttast som fritidshus eller bustad.

§ 3.7 Uteoppahaldsareal, U1

- § 3.7.1 Området f_U1 skal nyttast til felles uteoppahaldsareal for fritidsbustadene innanfor FF1. Det skal vere ope for fri gjennomgang for alle i området f_U1.

§ 3.8 Leikeplass, L1

- § 3.8.1 Området L1 skal nyttast til felles leikeplass for alle eigedomane innanfor planområdet.
- § 3.8.2 Det kan opparbeidast sitteplassar, sandkassar, leikeapparat etc. innanfor områda. Eksisterande vegetasjon og terrenget skal i størst mogleg grad ivaretakast.

§ 4.0 SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

§ 4.1 Kjøreveg, o_V1, f_V2 - V20, V21

- § 4.1.1 o_V1 er offentleg veg og er regulert med ei breidde på 6,0m. Vegen skal ligge som i dag.
- § 4.1.2 f_V2 - f_V20 skal opparbeidast som felles tilkomstvegar for eigedomane innanfor planområdet. Regulert breidde for f_V2 - f_V10 og f_V14 - f_V20

er 4,0m. Regulert breidde for f_V11 er 3,0m. Regulert breidde for f_V12 er 2,5m. Regulert breidde for f_V13 4,0m dei første 30m og så går den ned til 3,0m på resten.

- § 4.1.3 V21 er ein eksisterande privat veg som skal liggje som i dag. Regulert breidde er 3,0m.
- § 4.1.4 Mindre endringar i vegføringar kan tillatast når detaljplanlegging gjer det naudsynt.

§ 4.2 Gangveg/ gangareal, f_G1-G2

- § 4.2.1 Areala f_G1-G2 skal nyttast til felles gangveg for eigedomane innanfor planområdet. Gangvegane skal opparbeidast i 2,0m breidde som synt på planen. Gangvegane skal lagast med minst mogleg inngrep i terrenget.
- § 4.2.2 Mindre endringar i vegføringar kan tillatast når detaljplanlegging gjer det naudsynt.

§ 4.3 Annan veggrunn - grøntareal

- § 4.3.1 Arealet skal nyttast som grøntareal for vegane i planområdet. Områda kan nyttast til vegutviding, avkjørsler, grøfter, skråningar, skjeringar og plassering.

§ 4.4 Kai, K1-K5, f_K6, K7-K9, f_K10, K11-K12

- § 4.4.1 K1-K5, f_K6 og K7-K9, f_K10, K11-K12 kan nyttast til kai for båtfeste og flytebrygger for småbåtar til hytter og naust i området. Endeleg plassering og utforming vert fastsett av kommunen i samband med byggemelding for tiltaket.
- § 4.4.2 Før det kan etablerast nye kaiar innanfor K1, skal det utarbeidast detaljplanar for SH1 som viser tiltak på land (K1) og i sjø. Detaljplanane skal godkjennast av kommunen før tiltaket vert gjennomført.
- § 4.4.3 K1-K5, K7-K9 og K11-K12 kan nyttast etter eigen avtale med grunneigarane.
- § 4.4.4 f_K6 er ein eksisterande kai som skal vere felles for eigarane av hytter og naust i området og brukarane av småbåthamna SH2. Det kan etablerast vasspost og sløyebenk for fisk på f_K6 ved fellesnausta. f_K6 kan nyttast til korttidsfortøyning av båtar på nordvestleg side.
- § 4.4.5 f_K10 er ein eksisterande kai som er felles for fritidsbustadane innanfor FF1.

§ 4.5 Parkeringsplassar, f_P1 - P7, P8 - P9, f_P10 - P11

- § 4.5.1 Områda f_P1 og f_P3 er felles parkeringsplassar, og kan nyttast til gjesteparkering for feltet ved behov. F_P2 skal vere felles parkeringsplass for tomtene H31 og H52 innanfor FF16.
- § 4.5.2 f_P4 er felles parkeringsplass som kan nyttast til parkering for fritidsbustadene innanfor FF9, FF12 og til gjesteparkering for desse.
- § 4.5.3 f_P5 er felles parkeringsplass som kan nyttast til gjesteparkering for fritidsbustadane innanfor FF4 og FF5.
- § 4.5.4 f_P6 er felles parkeringsplass til bruk for brukarane av småbåthamna SH1.
- § 4.5.5 f_P7 er felles parkeringsplass for brukarane av fellesnausta innanfor f_N4 og småbåthamna SH2.
- § 4.5.6 P8 er privat parkeringsplass til bruk for eksisterande konsentrert fritidsbustad på tomt 11 innanfor FK8.
- § 4.5.7 P9 er privat parkeringsplass til bruk for naust 20, 21 og tomt 10 innanfor FK8.
- § 4.5.8 f_P10 er felles parkeringsplass for naust 1-11 og fritidsbustadane 4-7. Det skal vere ein fri passasje på min. 2 m frå fritidsbustadane som har inngang i bakkant.
- § 4.5.9 f_P11 er felles parkeringsplass for fritidsbustaden innanfor FK2 og brukarane av felles badeområde f_BA1. Det kan ikkje gjerast irreversible terrenginngrep i samband med opparbeidinga av f_P11.

§ 5.0 LANDBRUKS-/ NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE

§ 5.1 Friluftsområde, F1 – F13, F15 - F32

- § 5.1.1 I områda F1 – F13 og F15 - F32 kan det ikkje førast opp bygg eller konstruksjonar som er til hinder for å nyta områda som friluftsområde.
- § 5.1.2 Det kan leggjast til rette for vatn- og avlaupssystem for bustader og fritidsbustader i friluftsområda. Innanfor områda kan det også gjerast mindre terrenginngrep for å legge til rette for rasteplattar, gangvegar, trapper og ramper med universell utforming.
- § 5.1.3 Innanfor F18 kan det etablerast båtopptrekk ned naudsynt tilkomst som illustrert i plankartet.
- § 5.1.4 Så langt råd er skal eksisterande terrengform og vegetasjon takast vare på.

§ 5.2 Vern av kulturmiljø eller kulturminne

- § 5.2.1 Innanfor området er det funne steinalderlokaliteter. I dette området kan det ikke utførast noko arealinngrep som kan skade, øydelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke eller på anna vis utilbørleg skjemme det automatisk freda kulturminne, eller framkalle fare for at det skjer, jf. Kulturminnelova §3.
- Området er automatisk freda i følgje Lov om fornminne, og skal forvaltast av Fitjar kommune.

§ 6.0 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG

§ 6.1 Småbåthamn, SH1-SH2

- § 6.1.1 Innanfor området SH1 kan det byggjast bryggjer, moloar og andre hamneanlegg, faste eller flytande konstruksjonar. Det kan etablerast maks 30 båtplassar innanfor området. Min. ein av båtplassane skal vere gjestebåtplass. Detaljplanar for SH1 som viser anlegg på land (K1) og i sjø skal godkjennast av kommunen før tiltaket vert gjennomført. Dersom småbåthamn skulle krevje større installasjonar som molo, bryggje etc., skal saka leggjast fram for Bergens Sjøfartsmuseum til ny vurdering. Utbygging skal ikke hindre tilflot til flytebrygge innanfor SA7.
- § 6.1.2 Området SH2 skal nyttast som felles småbåthamn for hytte- og naustearigar i området. Det kan etablerast ca. 27 båtplassar her. Min. ein av båtplassane skal vere gjestebåtplass. SH2 kan nyttast etter eigen avtale med grunneigar.

§ 6.2 Friluftsområde i sjø og vassdrag, FS1 - FS6

- § 6.2.1 Områda FS1 - FS6 skal vere fritt tilgjenge for allmenta og nyttast til sjø- og vassdragsaktivitetar.

§ 6.3 Badeområde, BA1-BA2

- § 6.3.1 Områda B1-B2 skal nyttast til badeområde. Det er lov å rydde og reinske strandsona.

§ 7.0 OMSYNSSONER

§ 7.1 Frisikt, H140_1 - H140_42

- § 7.1.1 H140_1 - H140_41 er regulert til område for frisikt. Arealet vil i planen vere kombinert med andre føremål.

Innanfor siktsona skal det ikkje vere sikthindringar som stikk høgare enn 0,5 m over vegbanen på tilstøytande veg.

Enkeltståande tre, stolpar o.l. kan stå i siktrekanten, men krav til sikkerheitssoner i hb. 231 Rekkverk må vere tilfredsstilt. Areal som ligg høgare skal planerast ned til 0,5 m over veg.

§ 7.2 Bevaring av kulturmiljø, H570_1

§ 7.2.1 Innanfor området er det funne steinalderlokalitatar.

I dette området kan det ikkje utførast noko arealinngrep som kan skade, øydelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke eller på anna vis utilbørleg skjemme det automatisk freda kulturminne, eller framkalle fare for at det skjer, jf. Kulturminnelova §3.

Området er automatisk freda i følgje Lov om fornminne, og skal forvaltast av Fitjar kommune.

§ 7.3 Bandlegging etter lov om kulturminne, H730_1

§ 7.3.1 Innanfor området er det funne steinalderlokalitatar.

I dette området kan det ikkje utførast noko arealinngrep som kan skade, øydelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke eller på anna vis utilbørleg skjemme det automatisk freda kulturminne, eller framkalle fare for at det skjer, jf. Kulturminnelova §3.

Området er automatisk freda i følgje Lov om fornminne, og skal forvaltast av Fitjar kommune.

Dato: 06.03.2013

Rev: 18.10.2023

